

Referat frå til elevråd 12.11.25

Kl. 11.55 - 12.55 på personalrommet.

Tilstades; Viktor, Oda, Alice, Julie, Kristian Elias, Sindre og Kristin

Saker:

22) Barn og unges kommunestyre (BUK), kva må gjerast for å førebu BUK?

Kva er bra? Å ha nokon å vera med i friminuttet. Brent ball, dei fleste har mange venner å gå med, korleis ta vare på dette? Behalda skulen, viss me ser nokon aleine, kan spør om dei vil vera med. Må ha AL, best inne i hallen. Gøy med flaskeleiken på sommaren.

Kva kan bli betre? Kjeda seg. Avbrytelser i timane, laga ting, kjekkare med aktivitet timar f.eks. stop motion

Forslag til kva BUK kan bevilga 150 000 kr på?

Forslag; 3.-4. kl akebakke, konsert for alle, kino med popcorn, tennisbane, badminton eller volleyballbane

7.kl. plass med fleire aktivitetar (lage ny leikeplass), fotballbane bak Aarbakke banen (der som det var grusbane tidlegare), nedgrave trampoline, minigolf i Sandtangen, kunstgras på banen på Hognestad.

5. kl «disse» i Sandtangen

6.kl Løpebane i Sandtangen, grillplass/gapahuk i Sandtangen, volleyballbane i Sandtangen, vatn automat på alle skular/ute, fleire leikeapparat i Sandtangen.

Avstemming;

Kino for alle i grunnskulen (utfordring; finne film som passer 1.-10. kl, trur det er innafor i pris ifht prissjekk 5.-10 kl. i fjor).

Vatnautomat på alle skulane (pris for enkel drikkfontene + kran ca 10 000 pr stk, + installering)

Gapahuk og grillplass i Sandtangen (ca 100 000 + grunnarbeid og montering)

Minigolf i Sandtangen (enkel mobil 9 hulls bane ca 60 000,permanent bane ca 170 000)

23) Deling av inntrykk og læring frå fagdagen for elevråd 4.november.

Viktor informerer.

24) «Smarttelefonfri barndom». Kva tenkjer elevrådet om det?

Representantane fortel at foreldra har kontroll over kva som vert lasta ned (må bruka fingeravtrykk/godkjenna), ikkje lov med appar over aldersgrensa. Elevrådet meiner at det bør vera som i dag med vanleg telefon, evt ha mobilfritt 1.-4.klasse.

25) Hei verda! Evaluering. Kva var bra og kva kunne vore betre?

Bra; alt var bra, kjekt, ikkje grense for kor mange gonger du kunne gjera dei ulike aktivitetane

Betre; kunne godt hatt litt meir tid på oss (løp, førebuing, og lenger open dag).

Me fekk inn kr 30 002,- på Hei Verda! Det er meir enn dei to siste åra, og eit kjempebra resultat!

26) Adventssamling på skulen. Har elevrådet forslag eller ynskjer? Noko dei vil bidra med?

Dei eldste i elevrådet pleier å tenne dei fire lysa

Vise filmen som elevrådet jobba med

Ta oss tid til å vera i biblioteket

27) Eventuelt (saker frå klassane)?

Ingen saker.

Med helsing

Kristin Sando

Elevrådskontakt